



Vår dato
18.01.2016

Vår referanse
2015/13559 733.0
Dykkar referanse
14/4202

Meland kommune
v/kommuneoverlege Tord Moltumyr
Postboks 79
5906 Frekhaug

Stadfesting av vedtak om miljøretta helsevern - støy fra anleggsarbeid

Fylkesmannen viser til innsendt klagesak av 19. oktober 2015 fra Meland kommune ved kommuneoverlegen. Saka gjeld avslag på krav om retting av støy fra anleggsarbeid på E 39 over Flatøy, jamfør folkehelselova § 14.

Fylkesmannen har behandla klagesaka med heimel i folkehelselova § 19, jamfør forvaltningslova § 34. Vi har vurdert saka opp mot folkehelselova § 14 og forskrift om miljøretta helsevern § 9 a. Vi har motteke dokumentasjon fra Meland kommune, og partane har fått høve til å uttala seg til Fylkesmannen, jamfør vårt brev av 5. november 2015. Saka er tilstrekkeleg opplyst.

Vedtak:

Fylkesmannen stadfester Meland kommune sitt vedtak av 24. august 2015. Vi finn ikkje grunnlag for å setja til sides kommunen sitt vedtak om ikkje å pålegg konkrete tiltak eller restriksjonar på anleggsarbeidet på E 39 over Flatøy.

Heimel: Folkehelselova § 14

Kort om saka

Klagesaka gjeld eit arbeid med å utbetra E 39 samt etablering av midtdelar over Flatøy i Meland kommune. Trafikkettleiken på strekninga er ca. 17000 køyrety per døgn. Statens vegvesen er byggherre og den overordna ansvarlege for prosjektet. Arbeidet er ledd i trafikksikringsarbeid på ei strekning som er belasta med ulukker. Arbeidet starta sommaren 2014 og er venta å vera avslutta i oktober 2016.

Rettsleg grunnlag og fagleg norm

I forskrift om miljøretta helsevern, med heimel i folkehelselova, står det i § 9 a):

Ved etablering og bruk av støykilder skal det tilstrebdes lavest mulig støynivå. Støy og vibrasjoner skal ikke medføre helsemessig ulempe eller overskride helsemessig forsvarlig nivå.

I folkehelselova § 14 er det gitt heimel for retting:

Kommunen kan pålegge forhold ved en eigedom eller virksomhet i kommunen rettet hvis forholdet direkte eller indirekte kan ha negativ innvirkning på helsen eller er i strid med bestemmelser gitt i medhold av dette kapittel. Retting kan bare kreves dersom ulempene ved å foreta rettingen står i rimelig forhold til de helsemessige hensyn som tilsier at forholdet rettes.

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som kan ha negativ innverknad på helsa. Forskrift om miljørettet helsevern definerer helsemessig ulempa som tilhøve som etter ei helsefaglig vurdering kan påverka helsa negativt og som ikkje er helt uvesentleg. Tilhøvet må difor vera av eit visst alvor eller overstige eit minstemål av akseptabel helserisiko, før det vert vurdert som ei «helsemessig ulempa».

Støy vert definert som uønskt lyd, som kan påverka åferd, trivsel, kommunikasjon, kvile og sovn. Plager med støy over lengre tid kan gje stressreaksjonar og vedvarande fysiologisk aktivering, som over tid kan bidra til å utvikla sjukdom.

Kommunen er i folkehelselova § 14 gitt heimel for å gi pålegg om retting. For å kunne gje eit slikt pålegg må to vilkår vere oppfylt: Det må vere eit tilhøve som er knytt til eigedom og/eller verksemd som direkte eller indirekte kan ha påverka helsa negativt. I vurderinga av om tiltakshavar skal påleggjast retting skal kommunen vidare vurdera dei motståande omsyna i saka. Dei pliktene som kan påleggast tiltakshavar må vera forholdsmessige i høve til dei helsemessige omsyn som tilseier at tilhøvet vert retta. Kravet til forholdsmessighet og planlegging tilseier også at rettingskompetansen vert nytta med varsemd der det føreligg godkjenning etter anna regelverk.

Dersom nokon ber kommunen om å fatta eit vedtak om retting etter folkehelselova § 14, og kommunen ikkje gjer dette, er denne avgjerda eit enkeltvedtak som kan påklagast, jamfør forskrift om miljøretta helsevern § 16, 2. ledd.

Vår vurdering

Fylkesmannens kompetanse i klagesaker om miljøretta helsevern går fram av folkehelselova § 19, jamfør forvaltningslova § 34.

Vi har vurdert om kommunen sitt vedtak av 24. august 2015 om ikkje å pålegge tiltakshavar retting er i tråd med regelverket.

Klagar tok kontakt med kommunen i november 2014 og klaga på høg støy frå E 39 og manglande informasjon/varsle om tiltaksarbeidet. Klagar seier at det er støy frå anleggsarbeidet utover kvelden, nokre gonger også utover natta. Han meiner varslinga av naboar i periodar har vore mangefull, og at arbeidet har halde fram også utover dei fastsette tidene. Klagar seier at det er særleg plagsam støy frå dumping av steinmassar og impulsstøy frå ryggesensorar på anleggsmaskinane. Klagen gjeld særleg kvelds-nattarbeid, som går ut over leggetider og sovn til små barn.

Kommunen har i sitt vedtak av 24. august 2015 vurdert dei helsemessige vinstane av eit eventuelt vedtak om retting, opp mot ulempene det medfører. Ifølgje kommunen er det lite tvil om at anleggsarbeidet kan utgjera ei betydeleg ulempa for dei eigedomane som ligg nær

området for sprenging og massetransport/massedepонering. Det er vidare godt dokumentert at både støy åleine og søvnvanskar, over tid fører til helsemessige belastningar.

I dette tilfellet er det likevel sterke helsefaglege og samfunnsmessige grunnar for å få gjennomført prosjektet. Eit vedtak om eventuell omlegging av arbeidet til dagtid vil medføra stans i trafikkavviklinga i ein stor region. Andre tiltak som til dømes midlertidig deponeering av massar andre stader vil medføra unødig stor trafikk med store køyrety med påfølgjande risiko for ulukker og støy-klimaproblem. Dersom anleggsarbeidet hadde hatt liten samfunnsmesseg nytte ville det ifølge kommunen vore grunnlag for å vedta restriksjonar, eventuelt stenge anleggsarbeidet om natta. Kommunen opprettheld sitt vedtak i brev til Fylkesmannen av 19. oktober 2015. Det vert påpeika at arbeidet er av midlertidig karakter, og at det er sterke helsefaglege grunnar (trafikktryggleik) for å få prosjektet gjennomført. Kommunen finn at samfunnsinteressene knytt til utbygging her må veie tyngst.

Slik vi forstår kommunen sitt vedtak, er det slik at den aktuelle støyen negativt kan påverka helsa til dei som er råka. Omsynet til trafikktryggleiken i området og dei samfunnsmessige interesser i at prosjektet blir gjennomført etter den fastsette planen må likevel ifølge kommunen ha stor vekt. Dei samfunnsmessige kostnadane ved å pålegga retting vert difor for høge i høve til kva ein kan oppnå med eit vedtak om retting. Kommunen avslår på dette grunnlaget å legge restriksjonar på arbeidet. Dette er under føresetnad av at det vert utført så skånsamt som mogleg og etter dei fastsette retningslinene. Vidare må dei eigedomane som er råka av arbeidet, få tilstrekkeleg informasjon.

Fylkesmannen slutter seg til kommunen si forståing av regelverket, og kommunen si faglege vurdering i saka. Vi meiner kommunen har gjort ei forsvarleg sakshandsaming og ei rimeleg vurdering av dei motståande omsyna som folkehelselova § 14 føreset. Vi finn ikkje grunn til å setje kommunen sitt vedtak til sides.

Saka er med dette endeleg avslutta og kan ikke klagast på.

Dersom det i saka er andre partar enn dei som her får kopi av vårt vedtak, ber vi om at kommunen informerer dei.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Helene Myhre
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Sindre Hopland	Flatøyvegen 86	5918	FREKHAUG
Implenia Norge AS v/Kim Skjoldal	Postboks 173 Lilleaker	0216	OSLO

Helsefagleg saksbehandlar: ass. fylkeslege Kristin Cotta Schønberg
Juridisk saksbehandlar: seniorrådgjevar Helene Myhre